

Kyrkjevika Hyttelag,  
v/ Lars Torpe  
Vallaheiane 139, 5227 NESTTUN

Org.nr 991 908 811  
Nesttun 25. oktober 2021

Til NVE i sak 201707509

## Høyringsuttale, revisjon av vilkår for Bergsdalsvassdraget og Torfinns-vassdraget

NVE har opna for vilkårsrevisjon for reguleringane i Bergsdals- og Torfinnsvassdraget etter krav frå kommunar og private grupperingar. Konsesjonæren har kommentert krava, og i juli 2021 sende NVE eit revisjonsdokument på høyring med frist 1. november 2021. Kyrkjevika Hyttelag vil med dette gi sitt høyringssvar.

### Om Kyrkjevika Hyttelag

Kyrkjevika Hyttelag (KH) sine medlemmer representerer 54 av i alt 55 hytter som ligg i eit veg- og straumlaust hyttefelt sør for Hamlagrøvatnet. I same område ligg og i alt 24 stølshus og hytter knytt til stølane *Søre Hamlagrø, Blåkoll, Breisete og Myrset*, samt 3 hytter langs sørsida av den vestre delen av Hamlagrøvatnet. Til saman 82 hytter og stølshus som verken har veg eller elektrisitet framlagt. Alle er heilt avhengige av transport av ved, parafin og gass som i dei siste 40 åra har gått for seg med snøscooter dei vel 2 kilometrane over isen på vinterstid.

KH har saman med *Rykkje Grunneigarlag* parkeringsplass med tilhøyrande rampe for utsetjing av båtar på nordsida ved vatnet (sjå kart i vedlegg 1). Både vinter og sommar er dette utgangspunkt for ferdsel og transport. Sommarstid i all hovudsak med båt og vinterstid altså på ski eller med leigd snøscooter for varetransport.

### Problem for ferdsel

#### 1. Ferdsel om vinteren:

- I seinare år har isforholda på Hamlagrøvatnet vore slik at det tidvis ikkje har vore verken råd å gå eller køyra med snøscooter. Vatnet kan stiga, isen flyt opp og losnar ifrå og det vert mykje overvatn. KH kan ikkje sei sikkert kvifor, men trur ei årsak kan vera at reguleringa om vinteren vert praktisert på ein annan måte no enn i tidlegare år.
- Med farlege isforhold på vatnet må ferdsel på ski og med snøscooter gå i terrenget den lange vegen i terrenget via Osen og Lie. Her må fleire problemområde passerast (sjå kart, vedlegg 1).
  - ( A ) djupe;bratte elvegjel, i sær mellom HRV og LRV
  - ( B ) flaumsletta nedlaups overføringa frå Breisetevatn til Lomatjørn (sjå biletet vedlegg 2). Hyttefeltet i Kyrkjevika ligg på eit platå der einaste vinterveg utanom på ski / snøscooter over isen på Hamlagrøvatnet er over elvelaupa på flaumsletta og isen på Lomatjørn. Her er isen ofte utrygg grunna lunefulle straumar i overføringselva. På NVE sitt aktsemeldskart (sjå utsnitt i vedlegg 3) viser det og rasfare i dette området så det er ingen veg utanom.
- Omvegen på ski rundt vatnet frå dagens parkeringsplass aukar frå 2 til vel 9 kilometer på kartet. Det kan utgjera så mykje som 15 – 25 km i terrenget.
- Øystese Raude Kors Hjelpekorps har hytte på sørsida av vatnet. Med därleg is og vanskar med elvekryssingar kan dei ikkje lenger yta transporttenester. Beredskapen vert og svekka om dei

ikkje kjem fram til verken KH sine medlemmer eller til dei som nyttar skiløypene nord om vatnet.

## 2. **Ferdsel om sommaren:**

Etter at *Rykkje Grunneigarlag* og KH med bidrag frå BKK for ein del år sidan laga rampe for båtopptrekk på nordsida av vatnet har sommartransporten med båt vorte enklare. Men berre om vasstanden ikkje er lågare enn enden av rampen (kote 580).

- Reguleringa har tidvis ført til skade på grunnen under rampen og KH er redde for at større variasjonar i sommarvasstand kan føra til meir skade i form av utrasing/graving.
- På sørsida av vatnet er det ikkje gjort tiltak for avhjelpa båtferdsel.  
Lågare sommarvasstand vil heilt klart gi oss større vanskar med båtbruken her.

## 3. **Usikra inntak til overføringstunnelar:**

KH vil peika på at overføringstunnelane i området er usikra. Me vil m.a. nemna inntaket frå Viåne i Tjørnadal (C) der det går mykje brukt sti i skråninga like over. Fall ned i kanalen vil enda fatalt.

## **Konklusjon**

KH er uroa for at nye vilkår vil gjera ferdsel til hyttene vanskelegare – i stor grad om vinteren, men og i nokon grad om sommaren.

I konsesjonen er det i dag vilkår som pålegg konsesjonären å gjera ferdsel mogeleg. M.a. vart det i innstillinga til konsesjonsvilkår i 1964 sagt at «*i Kvam kommune vil det oppstå ferdselsvansker som de har krav på å få løst på en tilfredsstillende måte*». Resultatet vart særvilkår for sommarvasstand.

Ferdsla over vatnet er framleis stor, og i dag er problema størst om vinteren. [KH meiner prinsippet om at konsesjonären må avhjelpa eller kompensera for problem med ferdsel må vidareførast.](#)

Her står me oss og på utdrag frå OED sine *Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer* (i vedlegg 4)

For Kyrkjevika Hyttelag

Beste helsing

Lars Torpe

Leiar


Aage Melstveit

Styremedlem

Vedlegg:

- 1 Kart over Hamlagrøvatnet (sør - vest) med Kyrkjevika Hyttelag (KH)
- 2 Bilete av flaumsletta ved Lomatjørn og problematisk elvegjel mellom Lomatjørn og Svorteviki i Hamlagrøvatnet
- 3 Utsnitt av NVE Aktsomhetskart
- 4 Utdrag frå OED sine *Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer*

## Vedlegg 1 Kart over Hamlagrøvatnet (sør - vest) med Kyrkjevik Hyttelag (KH)



Påpeika problemområder for ferdsel:

A = bratte elvegjel under HRV som gjør vinterferdsel med scooter problematisk

B = flaumslette med ope vatn / därleg is vinterstid ned mot- og vidare ut frå - Lomatjønna.

C = eit av fleire usikra inntak

**Vedlegg 2 Bilete av flaumsletta ved Lomatjørn og problematisk elvegjel mellom Lomatjørn og Svorteviki i Hamlagrøvatnet**



I) Flaumsletta ved Lomatjørn frå sør-aust (mykje større enn avmerka område på aktsemndskart, vedl. 3)




II) Elv frå Lomatjørn sett frå sør aust



II) Elv frå Lomatjørn sett frå Svorteviki nord – vest

### Vedlegg 3 Utsnitt av NVE Aktsomhetskart ved Lomatjørn



## Vedlegg 4 Utdrag frå OED sine Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer

### 5.3 Hva omfattes av revisjonsadgangen?

I en revisionssak kan det blant annet være naturlig å stille krav om tiltak for å avbøte skader og ulemper knyttet til:

- magasinfilling og -tapping
- vannføring (og vannføringsvariasjon)
- vanntemperatur og vannkvalitet (valg av kilder for vannslipp gjennom året)
- hyppige endringer i vannstand og vannføring
- vandringshindringer for fisk (både opp- og nedvandring)
- naturmiljøet i og langs vassdraget (fisk, fugl, biologisk mangfold, friluftsliv, landskap mv.)
- andre forhold som følger av utbyggingen, for eksempel veier, ferdsel, merking, kulturminner etc.

### 9.3 Når er pålegg om minstevannføring og magasinrestriksjoner mest aktuelle?

Krav om magasinrestriksjoner i forbindelse med revisjon vil være særlig aktuelt i tilfeller hvor:

- Magasinet ligger sentralt i viktige områder for friluftsliv og landskapsopplevelse  
*Vann og vassdrag er landskapslementer som er viktige for naturopplevelse og for utøvelse av friluftsliv. Flere friluftslivsaktiviteter er direkte knyttet til vann som bading, fritidsfiske og båtliv. Mange ferdselsårer som er viktige for friluftslivet følger vann og vassdrag. For verdivurdering henvises det til det som tidligere er skrevet ovenfor om minstevannføring.*
- Magasinet har utfordringer knyttet til erosjonsproblematikk som følge av manøvreringsregimet  
*Erosjon i reguleringsmagasiner er ikke uvanlig og kan skape store ulemper for både regulant og for viktige allmenne interesser som fiske, bading og annen rekreasjon.*